

Funnet var so forvitneleg at eg tok vare på det, undersøkte geleklumpen litt nærare og turka den. I rå tilstand var massa som alt nemnd nesten svart, litt skjør geleaktig og litt elastisk. Ved luftturking skrumpa massa sterkt inn, vart hard og noko sprø og glinsande svart med glisig brot.

På spurnad har eg seinare fått vite at det ogso tidlegare har vore funne liknande stoff djupt nede i ei og onnor torvmyr her i kring og den folkelege meining har vore at det var harpiks og tjøre som var utskild frå gamle fururøter og blanda med myrmasse. Dette trudde ein vistnok av at ein fann slik masse nær ved eller under gamle fururøter langt ned mot botnen av myrane.

Sumaren 1947 vitja direktør Løddesøl i Det norske myrselskap i Fureneset og fekk då med seg ei lita prøve av stoffet. Han kunde seinare fortelja meg at etter beskrivelser i litteraturen, var stoffet eg hadde funne sannsynlegvis doppleritt eller «torvbekkol», som det vert kalla på norsk.

Doppleritt er beskrive m. a. av Früh etter undersøkingar av myrar i Syd-Tyskland og Sweitz. Her i landet er det tidlegare funne doppleritt eller torvbekkol i myrane på Andøya og dette funnet er beskrive av T. V o g t i Norsk Geologisk Tidsskrift, bind VI, hefte 3—4, 1922. Beskrivelsen med omsyn til utsjånad og andre fysiske eigenskaper stemmer heilt med utsjånad og eigenskaper av stoffet eg fann her på Fureneset og dette må såleis ogso vera doppleritt eller torvbekkol.

Etter ovannemnde forskarar heng laging av doppleritt i myrane nøgje saman med torvlaginga, det er laga av frie humussyrer, humussure salt og kalkhumater saman med litt kvæve og tilblanda uorganiske bindingar.

Etter Früh upptrer doppleritt der vilkåra for torvlagning er best og impregnerar i vassrik form heile den humifiserte torvmasse. Doppleritt kan ogso anrikast anten i holrom eller som tunne lag djupt nede i myrane eller nede på myrbotnen — undergrunnen.

LANDBRUKSUKEN 1948.

Tiden for Landbruksuken er i år fastsatt til dagene 8.—12. mars. Det norske myrselskaps møter blir holdt den 8. mars i Landbrukssalen, Bøndernes Hus, Oslo. Representantmøtet holdes kl. 15,30 og årsmøte samme sted kl. 16,15. Kl. 17,00 blir det foredragsmøte sammen med Ny Jord. Emnet blir: «Om opprettelse av jordregister», med foredrag av utskiftningsdirektør T. G r e n d a h l. Etter foredraget blir det adgang til diskusjon.
